


puls

kultur@ta.no

Mer Mad Max

Tom Hardy har inngått en avtale om å spille i ytterligere to filmer i den nye «Mad Max»-filmserien. I et nytt intervju snakker han om oppfølgeren til 2015-filmen, «Mad Max: Fury Road». Skuespilleren spiller i den Oscarvinnende filmen, som ble regissert av George Miller, og han uttaler nå at han er spent på å finne ut når oppfølgeren skal i ilden. Ifølge NME sier han: - Den mytologien som omgir Mad Max rommer mange historier.



KLAR: Tom Hardy sier ja til flere Mad Max filmer.



KAFÉ: Vest-Telemark online-kafé skal auke den digitale marknadsførings- kompetansen. Monica Sølyst (t.v.) og Kristin Vedum gler seg til kursstart.

Går for egen online-kafé

Tilbyr marknadsføringspakke i Vest-Telemark

FYRESDAL: Nå kan vesttelene oppgradere den digitale kompetansen sin meir lokalt.

INGEBJØRG BØ
ingebjorg.bo@ta.no
901 21 216

Førstkamand torsdag startar kursing i digital marknadsføring i Fyresdal og Kviteseid.

- Det var heilt avgjerande at kurset blei lagt hit. Elles hadde det ikkje vore mogleg for oss, seier Monica Sølyst i Faun naturforvaltning i Fyresdal. Ho har meldt seg på dei fem kurskveldane i regi av nyetablerte Vest-Telemark online-kafé. Etter avslutta kursrekke i juni, håpar ho å ha skaffa seg betre kunnskap for korleis verksemda bør opptrè i den digitale kvar dagen.

- Me har ei nettside og ei facebookside, men føler me kan bli langt betre på å bruke dei, seier Sølyst som augnar moglegheiter for verksemda gjennom kursrekke og kurshaldarane som ligg føre.

Når verksemdene ikkje kan oppsøke kursa, må me ta kursa til dei

KRISTIN VEDUM
Fyresdal næringshage

Lokal variant

Etter fleire år med den fylkesdekkjande «Telemark online-kafé», går nå vesttelene sine egne vegar.

- Kursdagane, som primært har vore lokaliserte i Grenland, har vore både populære og nyttige. Men ein opplever at

vesttelane har vanskeleg for å prioritere desse på grunn av lang reiseveg, seier Kristin Vedum i Fyresdal næringshage. I samarbeid med Telemark næringshage, Vest-Telemark næringsutvikling og Vest-Telemark næringsforum tilbyr ho nå ei lokal kurspakke, med møteplassar både i Fyresdal og Kviteseid.

- Behovet for den digitale kursinga er minst like stor her i Vest-Telemark, understrekar Vedum.

- Når verksemdene ikkje kan oppsøke kursa, må me ta kursa til dei, seier ho, og vil at alle skal få sjansen.

Både dag og kveld

Første kurskveld har tittelen «Korleis lukkast med digital marknadsføring?», som solide Edison Wolfram vil ha regien på.

- Elles er det i hovudsak næringslivsaktørar i regionen som vil vere føredragshaldarar, fortel Vedum vidare. Nettverksbygging er også ei viktig målsetjing med kursa, og det er sett av tid til både workshops og mingling i dei fem kurskveldane utover varen.

- Ein kan også velje om ein vil delta på dagtid eller kveldstid, så her skal det meste vere tilrettelagt for alle, presiserer ho og syner til kurset som totalt har 45 plassar - 20 i Kviteseid og 25 i Fyresdal. Sølyst meiner ho og verksemda hennar har fått ein kjempesjanse.

Ei gåvepakke

- Det er ei gåvepakke for Faun. Me innser at me treng å opparbeide betre strategiar, men kunne ikkje reist til Grenland for å skaffe oss denne kompetansen. Eg trur ikkje det bare

gjeld oss, seier ho. Vedum fortel at ho har fått fleire positive tilbakemeldingar og at fleire har meldt seg på. Men fortsatt er det ledige plassar.

Behovet for den digitale kursinga er minst like stor her i Vest-Telemark

KRISTIN VEDUM
Fyresdal næringshage

- Ønsker de å etablere dette permanent?

- Det er heilt avhengig av responsen. I første omgang er det dette kurset, men dersom tilbakemeldinga tilseier det, blir det gjerne fleire slike framover, presiserer ho, meir en viljug til å medverke til å løfte fram verksemdar i Vest-Telemark.